

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.08.2015**

### **Handsaming i møte**

Dette møtet vart kombinert med orientering/omvisning på Tannhelsetenesta kompetansesenter Vest/Hordaland og Amalie Skram vidaregåande skule i Bergen. Vidare hadde kontrollutvalet samtalar med ordførar og rådmann i Os kommune. Utvalet hadde også orientering/omvisning på Oseana kunst og kultursenter og Oselvarverkstaden i Os.

### Prosjektrekneskap Bellgården AS

Kontrollutvalet har motteke henvending frå kultur- og idrettsavdelinga gjeldande revidert prosjektrekneskap av Bellgården AS for tilskot dei har motteke frå Hordaland fylkeskommune. Den mottekne dokumentasjonen vart lagt fram for Deloitte til ei førebels vurdering. På bakgrunn av tilbakemeldinga frå revisor ber kontrollutvalet om at Deloitte gjer naudsynte undersøkingar for å finna ut om kostnadene som er ført i denne prosjektrekneskapen faktisk tilhører dette prosjektet og at det er tilskotsberettiga. Vidare vert det bede om ei vurdering av om det er andre høve som bør avklarast frå Hordaland fylkeskommune sin ståstad som tilskuddsgjevar, jf. formulering i vedtak/ tilskotsbrev der det m.a. står:

«Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til åtkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn».

Det kom elles ikkje noko fram under dette punktet.